

4 Import

Import av bilde til Lightroom er ei grunnleggande oppgåve. Skal du arbeide med bilde i Lightroom, må dei først importerast. Det kan bety å kopiere dei frå eit kamera eller eit minnekort og inn på disken i datamaskina di. Det kan også bety å registrere bilde i Lightroomdatabasen - bilde som allereie er lagra på disken i datamaskina di.

Du har sikkert lese dei første sidene i denne boka, og forsikra deg om alle advarslar og skaffa deg utstyr til sikkerheitskopiering, slik at du kan vere trygg på at bilda du importerer ikkje går tapt - berre fordi du ikkje har sikra deg mot tap av data. Hugs - det finst to slags menneske, dei som har hatt datahavari og dei som ikkje har hatt det enno. Skulle du vere ein av dei som har hatt datahavari, eller som tek advarslane tidlegare i boka på alvor, kan du gå vidare til import av bilde. Dersom du ikkje har kome så langt enno, så stopp her. Skaff deg nødvendig utstyr, og fortset her etterpå.


4.1 Import av bilde frå kamera eller kortlesar

Når du importerer bilde inn i Lightroom, må du alltid velje ei mappe på disken å lagre bilda i. Det er den einaste gongen du treng å ta omsyn til mappene. Tenk på bilda du importerer som du gjorde med filmnegativa dine. Du oppbevarte dei på ein trygg og sikker plass, og let dei vere i fred. Slik kan du også tenkje i Lightroom. Det er betre å bruke noko sikrere – bildesamlingar eller *Collections*. Mapper og bruken av dei blir derfor berre kort forklart.

Bilda du importerer inn i Lightroom kjem mest sannsynleg enten frå kameraet (minnekortet i kameraet) eller er allereie på disken i maskina di. I denne omgangen startar vi med bilde frå kameraet.

Steg 1


Dersom du avsluttar Lightroom, og startar Windows Utforsker/Finder, ser du at bilda er lagra i mapper og undermapper. Du kan flytte bilde frå mappe til mappe. Dette kan du også gjere i Lightroom, ved hjelp av Folders-seksjonen. Der kan du sjå dei same mappene, og du kan flytte og slette, akkurat slik som i *Windows Utforsker/Finder*



4-1 Mapper på datamaskina med bilde i

Steg 2

Dersom du har Lightroom open, og kameraet blir kobla til, vil importvinduet starte. Dersom importvinduet ikkje startar, kan du klikke knappen *Import* nedst i venstre panel. Toppen av importvinduet viser kvar bilde kjem frå (1), korleis dei vert importert (2) og kvar dei blir av i maskina (3). I hovuddelen av skjermen viser miniatyrbilde av alle bilda på kildestasjonen, i dette tilfellet truleg minnekortet.



4-2 Importdialogen i Lightroom 3

Dersom du vil endre kvar bilda kjem frå, kan du klikke på **FROM**, og velje frå menyen som spret opp, eller du kan velje ei anna kjelde i seksjonane som viser lenger nede i det venstre panelet.

Steg 3

Nedst i høgre hjørnet av importvinduet er ein skyveknapp. Ved å dra den til høgre eller venstre, kan du forstørre eller forminske miniatyrbilda. Det er aktuelt, dersom du vil studere detaljar i bilda du skal importere.

Tips

Dersom du vil forstørre eit bilde til å fylle heile midtre delen av skjermen, kan du taste **E**. Tast **G** for å gå tilbake til standard rutemønster.

Steg 4

Den store fordelene med å kunne sjå miniatyrbilde av det du skal importere, er at det blir så mykje enklare å avgjere om du skal hoppe over nokon. Då kan du berre fjerne haken i sjekkboksen i venstre hjørne av miniatyrbildet. Lightroom importerer berre dei med hake. Bilde uten hake blir dimma.


Eg skal vedde på at du enten har teke eit bilde av skotuppen eller har noko uskarpe, som du ikkje vil ha i Lightroom.

Steg 5


Tenk at du har 300 eller 500 bilde, og vil importere berre nokre få. Då kan du bruke knappane under miniatyrbilda til å velje bort alle, og deretter gå over fangsten din å sette hake på berre dei du vil importere. Du kan hake eit og eit, eller du kan merke fleire, og deretter sette hake på valde bilde med eit klikk. Når du har merka dei du vil, kan du velje Sort: *Checked state*, for å sortere dei merka bilda først.

Tips 1


Du merkar eit og eit bilde med å holde nede Ctrl/Cmd, klikke på eit bilde og bla vidare til neste. Hold Ctrl/Cmd nede til du er ferdig å merke.



4-3 Endre storleik på miniatyrbilde her



4-4 Berre bilde med hake blir importerte




4-5 Knappar for å velje alle eller ingen

Tips 2

Du kan merke ei samanengande rekke bilde, ved å klikke på eit, bla til det siste og holde nede Shift, mens du klikkar på det siste.

Steg 6

Midt på toppen av importvinduet finst fleire val for korleis bilda skal importerast inn i Lightroom. du kan kopiere som *DNG* (digital negativ graphics) (*Copy as DNG*), kopiere uten å endre (*Copy*), flytte (*Move*) eller legge til (*Add*). Her er det heldigvis ingen gale svar, men andre innstillingar påvirkar kva mulegheiter du har å velje i. Når du skal importere frå minnekort eller kamera, vil *Copy* vere standardvalget. Då vil f.eks. *Move* og *Add* vere grå, fordi dei ikkje kan veljast.



4-6 Korleis bilda blir importert til Lightroom

Tips

Nedst i ringen i figur 4-6 kan du filtrere kva bilde som skal visast i førehandsvisinga nedanfor. Standard er alle, men du kan klikke på *New Photos*, for å vise berre dei som ikkje er importert allereie. *Destination Folder* skjuler alle bilde med same namn på kildedisk og måldisk.

Steg 7

No er du komen til den delen, der du skal fortelje Lightroom kvar bilda skal lagrast.

Ved å klikke på **TO**, kan du endre på plasseringa der bilda skal lagrast. Av menyen som sprett opp, kan du sjå at mappa *MineLightroombilde* er vald her. Du kan velje ei anna plassering, dersom du ønskjer det. I så fall - pass på at mappa du vel finst innafor hovudmappa *MineLightroombilde*!!

Oppsummert så langt: Du har bestemt at bilda kjem frå minnekortet i kameraet, at dei skal kopierast inn i Lightroom, og at dei skal lagrast under mappa *MineLightroombilde*. Då er det tid å gå vidare med dei siste punkta, før du trykkjer på importknappen.




4-7 Målmappe for lagring av bilda

Steg 8

Når du importerer til hovudmappa *MineLightroombilde*, blir det ikkje ein graut i den mappa. Ved hjelp av seksjonen *Destination* kan du organisere bilda i undermapper. Hak av for sjekkboksen *Into Subfolder* i *Destination*-seksjonen, dersom du vil ha bilda lagra i ei undermappe med eit beskrivande namn, t. d. Makro, humler eller osv.

Alternativt kan du organisere bilda etter dato, så fjern haken no.



4-8 Målmappe og undermappestruktur